

Matkultur og identitet

Har du nokon gong tenkt over at *det du et*, *korleis du et det* og *når du et det*, kan sei noko om kven du er, i kva kultur og kanskje religion du veks opp? I klassen din er det heilt sikkert mange dømer på ulike matkulturar og tradisjonar som kan sei noko om kven kvar av dykkar. Nokre et kanskje maten med etepinnar, andre et ikkje svinekjøtt, mens nokon vil sei at dei har ein familietradisjon når dei et taco kvar fredag. I denne økta skal de lære meir om kva matkultur og –tradisjonar har å seie for identiteten vår. De skal òg lære kva som kjenneteiknar samisk matkultur, og heilt til slutt vil de verta presentert for ei oppgåve som de skal jobbe med heime.

Kva skal du læra?

- At det vi et, når og korleis vi et det, kan sei noko om kultur, tradisjon og identitet
- At det finst mange måtar å gjennomføre måltid på og at det finst ulike grunnar til å velje ulik type mat
- Kjenneteikn på samisk matkultur



Matkultur – når menneske har ein felles måte å tenke, kommunisere og oppføre seg på, når det gjeld mat og måltid.

Identitet – den du er, ditt sjølvbilde eller sjølvopfatning.

Tradisjon – kultur som blir bevart over tid. Kan gjerne overførast fra generasjon til generasjon.



Matkultur, tradisjon og identitet

Sjå på bilda. Diskuter korleis dei syner matkultur og mattradisjonar. Kan bilda sei noko om identitet?





Tenk gjennom og/eller diskuter med andre:

- a) Korleis er skulelunsjen i din klasse? Korleis vert den gjennomført og kva et dykk?
- b) Har du høyrte om kjøttfri mandag, kompletorsdag, eller tacofredag? Har du ein fast dag i veka då du nesten alltid et det same?
- c) Er det forskjell på kva og korleis du et når det er kvardag, helg eller fest?
- d) Er det forskjell på kva og korleis du et når du er med familie og når du er med vener?
- e) Kjem du på ein mattradisjon som
 - a. er spesiell for familien din?
 - b. er typisk for eit land?
 - c. du ikkje visste om frå før?
- f) Lag eit tankekart om din matkultur og mattradisjon

Eigne notatar/teikningar



